

Vedteken i Sognatinget 30. januar 2024

## Handlingsplan 2024 for Sognarådet

Visjon: Saman gjer vi Sogn til ein attraktiv og livskraftig region.

Regionalplanen for Sogn 2021-2024<sup>1</sup> sitt overordna mål er:

Vi skal vera ein pådrivar for å gjera Sogn attraktiv for innbyggjarar, næringsliv og besøkande.



Formålet med Sognarådet interkommunalt politisk råd er å:

- vera ein felles arena med fokus på å sikra og vidareutvikla rammevilkåra for busetnad og næringsliv i regionen
- fremje regionen sine interesser i regional og nasjonal samanheng
- vera ein pådrivar for utvikling av regionen
- initiera prosjekt og utviklingsarbeid
- skapa samhandlingsarenaer for næringsliv, forskings- og utdanningsmiljø og offentlege styresmakter

### 1. Attraktiv buregion

*Delmål:*

*Sogn skal vera ein attraktiv buregion og skal lukkast med rekruttering til regionen.*

*Sikre verdiskaping og meir vekst gjennom auka sysselsetjing og bulyst blant innvandrarar.*

*Felles profilering og merkevarebygging for å løfta fram kvalitetane i regionen.*

<sup>1</sup> [Regionalplan 2021-2024.pdf](#)

Handlingsplanen for Sognarådet inneheld ikkje tiltak for prosjekta og samarbeidsområda som er overførde frå Sognarådet til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap, jf vedtak 4.12.2023 i Sognatinget

*Strategiar:*

*Vidareutvikla omdømme og bulyst i regionen, og formidla dei gode historiene.*

*Medverka til kunnskapsutvikling og samarbeid om stadutvikling.*

*Gjennomføra det regionale prosjektet Sogn for alle – integrering og inkludering av innvandrarak.*

*Medverka i arbeidet med felles profilering og merkevarebygging for Sogn som bu- og arbeidsmarknadsregion der fortrinna på dei ulike stadene blir synlege i rekrutteringsarbeidet.*

*Tiltak:*

- Samarbeide med Sogn KO i arbeidet med å skape ein strategisk plattform med felles profil og merkevare for slik å styrke regionen sin attraktivitet som bustad, studiestad og næringslokasjon.

## 2. Kompetanse

*Delmål:*

*Sogn skal ha eit attraktivt skule- og utdanningstilbod som styrkar samfunnsutviklinga og sikrar verksemdene sine behov.*

*Livsmeistring gjennom styrka tilpassa og inkluderande opplæring for alle*

*Strategiar:*

*Stå samla om og utvikla dei vidaregåande skulane regionen har i dag.*

*Medverka til at tilbodet ved vidaregåande opplæring og høgskulen sikrar næringsliv og offentlege verksemdar sine behov og samsvarer med ungdomane og utdanningssøkjande sine ønske.*

*Tiltak:*

Vidaregåande opplæring:

- Sikre at regionen har vidaregåande skular med breidde i utdanningstilbodet
- Få fram fakta og vurderingar som ivaretek og støttar opp om Sogn sine behov for vidaregåande opplæring for framtida
- Gje felles fråsegn til plan for tilbodsstrukturen for vidaregåande opplæring i Vestland

Høgare yrkesfagleg utdanning:

- Dialog med Fagskulen Vestland om å få tilbod i Sogn som arbeidslivet har behov for

Høgskuleutdanning:

- Dialog med Høgskulen for å sikre at utdanningstilbodet møter kompetansebehova i regionen, både fulltidsutdanning og desentraliserte og fleksible utdanningar.

Samarbeidsmodell for kompetanseutvikling:

- Leie og drifte Kompetanseform Sogn i samsvar med *mandatet frå Kompetanseforum Vestland*<sup>2</sup>

---

<sup>2</sup> [Kompetanseforum Vestland - Vestland fylkeskommune](#)

### 3. Næringsutvikling

#### *Delmål:*

*Nyetableringar og vekst i eksisterande private og offentlege verksemder i regionen der vi bygger på det vi er sterke og gode på*

*Regionen skal ha eit samhandlande og koordinert næringsapparat <sup>3</sup>*

#### **Grøn næringsutvikling**

##### *Strategiar:*

*Arbeida for auka bruk av energiresursane lokalt for å sikra verdiskaping i eigen region.*

*Styrka grønt-sektoren i regionen gjennom gode rammevilkår og tilrettelegging.*

*Leggja til rette for at næringsnettverket og bedriftene samarbeider og bygger kunnskap om moglegheiter innanfor det grønne skiftet*

##### *Tiltak:*

- Invitere med næringslivet for å få kunnskap om bedrifter og bransjar sine utfordringar og kva som er viktige rammevilkår for å lukkast med vekst og utvikling
- Sikre regionen sin posisjon i det grønne skifte, god nettkapasitet, bruk at energi lokalt og gode rammevilkår for grøn omstilling
- Følgje med på nasjonale saker og prosessar om kraft
- Følgje prosessen med marint vern av Sognefjorden

#### **Offentlege arbeidsplassar**

##### *Strategiar:*

*Medverka for å styrke og vidareutvikla dei statlege og regionale offentlege arbeidsplassane i Sogn.*

*Byggja politisk og administrativ kunnskap og kapasitet til å drive påverknadsarbeid og strategiutvikling.*

##### *Tiltak:*

- Definera og avklara om og ev. korleis rådet vil samarbeide for å behalda og få tilført fleire offentlege arbeidsplassar

#### **Reiseliv**

##### *Strategiar:*

*Støtta destinasjonsselskapet Visit Sognefjord AS som verktøy for reisemålsutvikling i regionen.*

*Medverka til å samordne og styrke den regionale innsatsen for å fremje Sognefjorden som reisemål.*

*Pådrivar for betre samferdsle*

##### *Tiltak:*

- Støtta arbeidet med felles, styrka regional satsing på reiseliv og gjennomføring av Masterplan for reisemålet Sogn mot 2030 fase 3 frå ord til handling
- Sikre at samferdsletilboda tek omsyn til tilreisande og reiselivsutviklinga i Sogn heile året

---

<sup>3</sup> Næringsnettverket er eitt av fleire regionale nettverk som er overført frå Sognarådet til Sogn kommunalt oppgåvefelleskap

## Teknologi og digitalisering

### Strategi:

*Bidra til at Sogn vert leiande i det 4. industrielle skiftet, og tek i bruk ny teknologi og digitalisering for å skape konkurransekraft.*

### Tiltak:

- Vurdere vidareføring av støtte til SITEP som samarbeider med bedrifter og kompetansepartnarar i regionen for å utvikla og ta i bruk ny teknologi, synleggjere kompetansebehov og dele kunnskap

## 4. Samferdsle

### Delmål:

*Næringsliv og innbyggjarar skal ha god infrastruktur.*

### Strategiar:

- *Politisk og strategisk påverknadsarbeid for betra regularitet og infrastruktur i og utav regionen*
  - o *vegutbetring og oppgradering av vegnettet*
  - o *betre fly-, ferje- og busstilbod*
  - o *god breibandkapasitet for næringslivet*
- *Regionen må vera aktive overfor stat og fylkeskommune for å styrka regionen sine samferdselsinteresser*

### Overordna prioriteringar<sup>4</sup>

- Regularitet og sikring mot skred/ras, etterslep på vedlikehald og tunelloppgradering framfor nye vegprosjekt
- Sikre sentrale kostnadskrevjande prosjekt og prosjekt som ikkje har for lang tidshorisont
- Prosjekta som alt ligg inne i planane må gjennomførast først

### Prioritering av samferdsletiltak i Sogn

#### **NTP – store prosjekt:**

##### **Rv. 13 Skare – Sogndal**

- (1) Vikafjellstunnelen (3,6 MRD)
- Hella – Leikanger – Sogndal

##### **Rv. 52 Hemsedal**

- Tunnel Bjøberg – Breistøl (X MNOK)

#### **KVU:**

##### **Rv. 5 – Håbakken – Skei**

- KVU for bru Fodnes – Mannheller

#### **RTP – store prosjekt:**

- Fv. 5600 – Arnafjorden (X MNOK)

#### **KVU:**

Fv. 55 – Tussvikunnelen – Grense Innlandet

- KVU for Sognefjellstunnelane

<sup>4</sup> Vedtekne i Sogn regionråd 24.3.2023

### Tiltak

Dei viktigaste tiltaka for rådet i 2024 vert å:

- Drive påverknadsarbeidet inn mot neste nasjonale transportplan ved å
  - o Trygge eksisterande alliansar
  - o Skapa nye alliansar og dialogar
  - o Oppdatere argumentasjons- og kunnskapsgrunnlaget
  - o Følgje leveransane til transportetatane t.d. med ny skredfaktormodell
- Sikre våre prosjekt i «Investeringsprogrammet» til Regional transportplan
- Tinge fram tilfredsstillande kompensasjon og avbøtande tiltak rundt vedlikehald av Lærdalstunnelen
- Styrke kapasiteten på samferdsle i sekretariatet

## Status - Overordna planer

Dei overordna planane er i all hovudsak på plass og gjeld fram til rullering i 2025 (NTP) og 2026 (RTP).

### Nasjonal transportplan (NTP)

Gjeldande NTP 2022 – 33 er styrande fram til ny plan vert lagt fram. Arbeidet med ny NTP vart framskunda med eitt år. Transportetatane leverte sine prioriteringar 3. oktober til departementet. NTP-plan for 2025-2036 vert lagt fram våren 2024.

### Regional transportplan (RTP)

Gjeldande regional transportplan for Vestland (RTP) går frå 2022 – 33. Investeringsprogrammet vert fastsett årleg i samband med budsjetthandsaminga i fylkestinget i desember kvart år. Handlingsplanen vert òg rullert årleg.

## Neste Nasjonal transportplan

### Rv. 13 Skare-Sogndal og Nye Veier AS

#### Tiltak:

- *Ha god dialog med Nye Veier AS om tiltak og prioriteringar på rv. 13 m.a. gjennom synfaring og etablering av felles kunnskapsgrunnlag*
- *Arbeide for at Vikafjellstunnelen kjem inn att i neste NTP*
- *Byggja alliansar med andre regionar og næringsliv for realisering av Vikafjellstunnelen.*

### Aust-vest sambandet

#### Tiltak:

- Byggje alliansar med andre regionar og næringsliv for at investeringar på rv. 52 blir prioritert slik at reisetida vert kortare og med tilrettelegging for tungtransport mellom kysten/Sogn og Austlandet.
- Arbeide for at prosjektet tunnel Borlaug-Bjøberg kjem inn i neste NTP
- Arbeide for ein KVVU for rv. 5 Skei – Håbakken, med konkrete løysingar for
  - o Framtidig trafikkøysing Sogndal sentrum
  - o Tunnel Loftesnes – Kaupanger
  - o Ferjeavløysingsprosjekt Mannheller – Fodnes

## Vedlikehald av Lærdalstunnelen

### Tiltak:

- Forhandlingsnemnda følgjer med på stengingsregime og tingar fram avbøtande tiltak og kompensasjon rundt Statens vegvesen (SVV) sitt vedlikehald av Lærdalstunnelen

## Rassikring

### Tiltak:

- Støttespelar for Nasjonal rassikringsgruppe sitt arbeid for auka løyvingar og ein 12-årsplan for rassikring
- Følgje arbeidet med ein nasjonal gjennomføringsplan for skredsikring av alle riks- og fylkesvegar med høg eller middels skredfaktor
- Sikre at mest mogeleg av SVV sin skredfaktormodell vert vidareført

## Regional transportplan 2022 – 33

Vidareføre prioriteringane frå fylkestinget i Sogn og Fjordane og dei prosjekta som alt er inne i planane til Vestland fylkeskommune:

- Oppstart av fv. 55 Nes – Høyheim i Luster kommune. Planforslag er venta levert hausten 2024
- Midlar til gjennomføring av prosjektet på fv. 55 med bru over Esefjorden, slik at løyvinga kjem på plass med ein gong reguleringsplanen vert godkjent
- Få fram KVVU<sup>[1]</sup> for Sognefjellstunnelane
- Sikre Fv. 5600 – Arnafjorden. Planlegginga vert forsert.
- Oppstart av tunnelarbeidet på fv. 53 Fodnes – Årdal
- Gjennomfør prosjektet på fv. 271 Sjukehusvegen i Lærdal kommune

## Fylkesvegnettet

### Fv. 55 – Tussviktunnelen – Grense Innlandet

#### Tiltak:

- Sikre at den viktigaste samanbindingsvegen i Sogn vert prioritert blant dei strekningsvise utbetringane i investeringsprogrammet

## Rassikring

### Tiltak:

- Sikre at SVV sin modell for skred i størst mogeleg grad vert lagt til grunn for prioriteringane i investeringsbudsjettet

## Vinterstenging

### Tiltak:

- Arbeide for betre regularitet og kortare og meir fleksibel stenging på Sognefjellet, og Gaularfjellet

---

<sup>[1]</sup> Konseptvalutgreiing

## **Tunnelar, bruer og ferjer**

### *Tiltak:*

- Utvide kunnskapsgrunnlaget til å omfatte oversyn over planlagde tunneloppgraderingar
- Arbeide for at òg strekningar med låg årstdøgertrafikk (ÅTD) vert utbetra
- Syte for at både naudsynte tiltak etter tunnelføresegna og tiltak som elles er fornuftige vert gjennomført samstundes

## **Gang- og sykkelveggar**

### *Tiltak:*

- Arbeida for trygge og gode gang- og sykkelveggar særleg i tilknytning til skular

## **Kollektivtransport**

### *Tiltak:*

- Vidareføra samarbeidet med næringslivet og regionale utviklingsaktørar om å styrka Sognebåten og for utvida sommarruter som er avgjerande for reiselivsutviklinga i Sogn.
- Arbeida for at kollektivtransport blir eit reelt alternativ til bil også i distrikta og for eit fleksibelt tilbod med bruk av ny teknologi og digitale løysingar

## **Andre samferdslesaker**

### **Sogndal lufthamn Haukåsen**

#### *Tiltak:*

- Ny trase på fv. 424 Kaupanger - Haukåsen (Flyplassvegen)

### **Ferjesamband Hella-Dragsvik-Vangsnes**

#### *Tiltak:*

- Dialog med Statens vegvesen og Vegdirektoratet for betre ferjetilbod Hella-Vangsnes-Dragsvik med halvtimes avgangar, betre nattferjetilbod og tidlegare morgonavgang til Hella.

## **Rutekjøp**

### *Tiltak:*

- Følgje prosessen rundt rutekjøp på ferje, buss og hurtigbåt

## **Regionale flyruter**

### *Tiltak:*

- Følgje prosessen rundt regionale flyruter

## **Klimavennlege hurtigbåtar**

### *Tiltak:*

- Følgje fylkeskommunen sin anbodsprosess for utsleppsfrie hurtigbåtar på Sogn

## **Breiband**

### *Tiltak:*

- Støtte IT-forum Vest sitt arbeid og strategiar for breibandutbygging.

## Arbeidsformer for Sognarådet

<b>Sognatinget</b>	Den regionale møteplassen Sognatinget vart etablert i 2022 for å drøfte regionale utfordringar og moglegheiter, leggje føringar for det regionale samarbeidet og styrke eigarforholdet og forpliktingar i samarbeidet. Frå hausten 2023 er Sognatinget representantskap for Sognarådet.
<b>Informasjonsdeling til eigarane</b>	Ordførar informerer kommunestyre/formannskap om nytt frå rådet (fast post).
<b>Strategiske alliansar</b>	Trygge eksisterande og byggja nye alliansar der vi frontar viktige saker ilag med andre for å fremje regional utvikling (naboregionar, næringsliv, organisasjonar og andre sentrale aktørar).
<b>Tematisk samarbeid</b>	Indre Vestland: Sogn samarbeider tematisk med Hardanger og Voss i saker med felles interesser for å oppnå auka påverknadskraft.
<b>Politiske arbeidsgrupper</b>	Etablera arbeidsgrupper innanfor prioriterte område som drøftar strategiar, gir tilråding til regionrådet og påverkar avgjerdstakar for god regional utvikling. Bidra til at rådet blir synleg og leiande politisk aktør.
<b>Nasjonale og regionale prosessar</b>	Følgje med og overvåke saker og utgreiings- og vedtaksprosessar på regionalt og nasjonalt nivå. Skaffe kunnskaps- og argumentasjonsgrunnlag.
<b>Møteplassar</b>	Delta på politiske arenaer for å synleggjera og ta ein posisjon på vegne av regionen – stortingsbenken, stortingskomiteane, departement, nærings- og interesseorganisasjonar, fylkeskommunen, fylkespolitikarar, innspels- og høyringsmøte mv.
<b>Kommunikasjon og formidling</b>	Involvere kommunane, næringslivet, utdanningsinstitusjonane og andre samarbeidsaktørar i det regionale arbeidet. På nettsida ligg blant anna møtedokument, fråsegn, eigne nyhendesaker og aktivitetar. Media blir invitert med til møte. Rådsleiar evt. leiarar for politiske arbeidsgrupper uttaler seg på vegne av rådet.
<b>Fråsegn</b>	Rådet gir fråsegn i høyringar nasjonalt og regionalt.

Berekraft

Påverknadsarbeid

Samarbeid